



Lotterinemnda

## Vedtak i Lotterinemnda 25. november 2024

**Sak 2024/1488 – Spelemannslaget vårlengt - org.nr. 980 859 738 - klage over vedtak om avslag på søknad om førehandsgodkjenning som ikkje-fortenestebasert organisasjon**

**Medlemmer i Lotterinemnda:** Leder Martin Hennig, og medlemmene Shabneet K. Bains og Elisabet Ekberg

### Bakgrunnen for saka

- (1) Spelemannslaget vårlengt (klagar) søkte 8. mars 2024 om førehandsgodkjenning som ikkje-fortenestebasert organisasjon.
- (2) Lotteritilsynet av slo søknaden 3. juni 2024, med den grunngevinga at verksemda til klagar i hovudsak framstår som hobby- og fritidsaktivitet for vaksne.
- (3) Spelemannslaget vårlengt klaga på vedtaket 6. juni 2024. Klagar gjer gjeldande at grunnen til at det er høg alder på registrerte medlemmer, er at klagar ikkje krev medlemskap for å delta på kurs og aktivitetar i regi av klagar. Klagar meiner det er viktigare å gi deltakarane ein plattform og kunnskap til bruk vidare i livet. Klagar viser til at klagar besøker grunnskulane i Porsgrunn for å presentere kulturarven og at klagar har hatt elevar frå høgskulane i distriktet som har fått impulsar og ein plattform til å vidareføre folkemusikk. Klagar har øvingskveldar i spel og dans tre måndagar per månad frå september til mai, som er opne for alle i alle aldrar. Klagar viser vidare til aktivitet i form av opplæringskurs i munnharpespel, hardingfelespel, telespringar, telegangar, kveding og hallingdans, kor det på kvedingkurset deltok tre barn på under ti år. Kvart år arrangerast det også kulturkveldar og kappleikar. Det vises elles til klagen i sin heilskap.
- (4) Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket og sende klagen med innstilling 1. oktober 2024 til Lotterinemnda for behandling.
- (5) Klagar kom i brev 14. oktober 2024 med merknadar til innstillinga til Lotteritilsynet. Klagar viser til at laget heile tida jobbar for å ivareta kulturarven og at rekruttering er førsteprioritet. Etter oppfatninga til klagar kan ikkje laget reknast for å vere ein hobbyklubb for vaksne. Det vises elles til merknadane i sin heilskap.

### Det rettslege grunnlaget

- (6) Det rettslege grunnlaget er lov 18. mars 2022 nr. 12 om pengespill (pengespilloven) og forskrift 17. november 2022 nr. 1978 om pengespill (pengespillforskriften).

**Postadresse:**

Postboks 511 Sentrum  
5805 Bergen

**Besøksadresse:**

Zander Kaaes gate 7  
5015 Bergen

Telefon:

+47 55 19 30 00

- (7) Lotteritilsynet kan gi ikkje-fortenestebaserte organisasjonar løyve til å tilby pengespel, jf. pengespilloven § 18. Overskotet frå pengespela kan ikkje finansiere fritidsaktivitetar for vaksne, jf. pengespilloven § 19.
- (8) Det følger av pengespillforskriften § 38 tredje ledd at verksemd som utgjer hobby – eller fritidsaktivitetar for vaksne, ikkje kan godkjennast. Organisasjonar som også har ein vesentleg del av verksemda retta mot barn og unge under 18 år, kan likevel godkjennast for den delen av verksemda.
- (9) Av forvaltningsloven § 34 følger det at klageinstansen kan prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg det at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og det frie skjønn. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheva det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

### **Vurderinga til Lotterinemnda**

- (10) Klagen til Spelemannslaget vårlengt gjeld vedtaket til Lotteritilsynet 3. juni 2024 om avslag på søknad om førehandsgodkjenning som ikkje-fortenestebasert organisasjon.
- (11) Det følger av pengespilloven § 18 at ikkje-fortenestebaserte organisasjonar kan få løyve til å tilby pengespel dersom dei er a) registrert i Frivillighetsregisteret, b) har frivillig innsats som ein viktig del av verksemda, c) ikkje er tilgjengeleg for ein lukka krets og d) ikkje driv verksemd som gir privatøkonomiske fordelar. Etter pengespilloven § 19 skal overskotet frå pengespela ikkje finansiere fritidsaktivitetar for vaksne.
- (12) Det følger av Prop. 220 L (2020-2021) punkt 14.4.2.4. at kravet i pengespilloven § 19 om at overskotet ikkje skal finansiere fritidsaktivitetar for vaksne, inneber at idrettslag, kor, korps og sosiale samlingsplassar som retter sin aktivitet mot vaksne ikkje vil få løyve til å tilby pengespel. Dette gjelder sjølv om organisasjonen er ikkje-fortenestebasert og har betydeleg frivillig aktivitet.
- (13) Ordlyden i pengespillforskriften § 38 tredje ledd andre punktum opnar likevel for at det kan gjerast unntak frå hovudregelen om at organisasjonar som utgjer hobby- og fritidsaktivitet for vaksne ikkje kan godkjennast. Dersom ein «vesentlig del» av verksemda er retta mot barn og unge under 18 år, kan organisasjonen få godkjenning for denne delen av verksemda. Dette inneber at det må gjerast ei konkret vurdering både av alderssamansetninga blant medlemsmassen og omfanget av den faktiske aktiviteten som er retta mot barn og unge.
- (14) Det framgår av vedtektene til klagar § 2 at klagar «skal arbeide for å halde levande norsk folkemusikk – og dansetradisjon».
- (15) Av § 3 følger det vidare at klagar skal:
  - «samle einskildpersonar til samarbeid for å dyrke telemarksformene i folkemusikken, songen og dansen», «gjera tiltak for rekruttering, drive og støtte opplæringsarbeid», og «ta seg av musikkpolitiske og praktiske oppgåver, mellom anna skipe til kappleikar og konsertar og knyte kontakt med nærskyldte organisasjonar – også over landegrensene».
- (16) Alle enkeltpersonar som vil arbeide for formålsparagrafen, kan ifølgje vedtektene § 4 takast opp som medlemmer hos klagar.

- (17) Alderssamansetninga i ein organisasjon er ikkje i seg sjølv avgjerande for vurderinga av om hobby- og fritidsforeininga har tilstrekkeleg verksemd retta mot barn og unge under 18 år, men dette er likevel eit viktig moment i heilskapsvurderinga som skal gjerast. Lotterinemnda viser i denne samanhengen til sak 2023/1063. I avsnitt 17 uttalast det at:

«Ved vurderingen av om hobby- og fritidsforeninger har tilstrekkelig virksomhet rettet mot barn og unge under 18 år, må det imidlertid legges vesentlig vekt på medlemmenes alderssammensetning. Hensynet til likebehandling og forutberegnelighet, herunder en forståelig og praktikabel regel, tilsier dette.»

- (18) Klagar opplyste i søknaden at ingen av dei 26 medlemmene til klagar er under 18 år. Dette tilseier etter vurderinga til Lotterinemnda at verksemda til klagar må sjåast på som hobby- og fritidsaktivitet for vaksne. Nemnda kan heller ikkje sjå at det framgår opplysningar i årsmeldinga til klagar som tyder på vesentleg aktivitet retta mot barn og unge, sjølv om det kan ha vært unge deltakarar på enkelte av dei kursa og den opplæringa klagar har arrangert.
- (19) Lotterinemnda har etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka kome til at verksemda til klagar i all hovudsak framstår som hobby- og fritidsaktivitetar for vaksne, og at foreininga ikkje har ein vesentleg del av verksemda retta mot barn og unge under 18 år.

### **Konklusjon**

- (20) Lotterinemnda finn etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka at vedtaket til Lotteritilsynet skal oppretthaldast.

### **Vedtak**

Klagen blir ikkje teke til følge.

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*